



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2234

Vår dato
20.11.2014
Dykkar dato
31.07.2014

Vår referanse
2014/9608 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS
Lingavegen 206
5630 Strandebarm

Løyve til utslepp frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS på lokaliteten Jibbersholmane i Radøy kommune

Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3620 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmane. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS av 31.07.2014 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 01.08.2014, med ettersending av kommunalt vedtak av 18.09.2014. Kommunen har ingen merknader til utviding av biomasse på lokaliteten Jibbersholmane.

Verksemnda søker om løyve til utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) frå 2840 tonn til 3620 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slaktning, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemnda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld utviding av MTB i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11664 Jibbersholmane i Radøy kommune. Lokaliteten er klarert for ein MTB på 2840 og søker no om å få auke til 3620 tonn.

Tilhøvet til plan

Det vert ikkje søkt om endringar i arealbruk for anlegget.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Der er ingen særlege interesser knytt til naturvern og friluftsliv i området som kan lese utifrå *Naturbase* og *Artsdatabanken*, Men det bør nemnast at det finnes spesielle naturtypar av tareskog og skjelsand i området. Det ligg også eit naturreservat for sjøfugl på Synnøy, like sørvest for anlegget.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er plassert nordvest for Synnøy i Hoplandsosen i Radøy kommune (*vassførekomst 0261030603-6-C Kvolmosen - Villangosen*). Hoplandsosen munnar ut mot det eksponerte sjøområdet i overgangen mellom Hjeltefjorden og Fedjefjorden i nordvest. I søraustleg retning går Hoplandsosen over i Fosenstraumen og vidare inn i Lurefjorden, som er eit stort og delvis lukka fjordbasseng.

Rapport frå straummåling er ikkje utført i samsvar med rettleiar for søknadsskjema om løyve til akvakultur, og vi meiner at det bør gjerast ein ny undersøking. Vi vil særleg peike på mangel på spreingsstraum og at måling av botnstraum er ufullstendig.

Resipientgranskinga viser at pH ligger på eit akseptabelt nivå, men noko lågt i prøve 10. Ut frå dei resultatane som blir presenterte i søknaden og innsende rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gi løyve til ein biomasse på 3.620 tonn på lokaliteten.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med matfiskanlegget på lokalitet 11665 Jibbersholmane.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar (sjølv om dei er mangelfulle) og MOM-B-undersøkingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny

kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Då det ikkje finst klare grenser for kva som er akseptable påverknad på eit fjordbasseng har Fylkesmannen vurdert dette etter vassdirektivet og vassforskrifta. Det er eit mål i vassdirektivet at vassførekomstane skal minst ha «god tilstand». God tilstand er definert som «vassførekomst som er svakt endra som følgje av menneskelig verksemd». Vi vurderer det i denne saka som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av ei auka MTB på 820 tonn. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten Hoplandsosen blir uendra (naturmangfaldlova § 10). Resipientundersøkingane i lokalitet 11665 Jibbersholmane har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt påverka av oppdrettsaktiviteten i området.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve på 3620 tonn på lokaliteten 11665 Jibbersholmane.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking (MOM-C), eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventta ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med nytt løyve. Verksemda skal betale 20.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløvyet fritenk ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL